



Referat frå kommunemøte 18. januar 2024

Deltakarar: Alver, Askøy, Aurland, Austevoll, Austrheim, Bergen, Bjørnafjorden, Bremanger, Bømlo, Eidfjord, Etne, Fedje, Fitjar, Fjaler, Gloppen, Hyllestad, Høyanger, Kinn, Kvinnherad, Lærdal, Masfjorden, Osterøy, Samnanger, Sogndal, Solund, Stad, Stord, Sveio, Tysnes, Ullensvang, Ulvik, Vik, Voss, Øygarden, Vestland fylkeskommune, Statens vegvesen, Meteorologisk institutt, HV-09, HV-11, PST, UDI, IMDi, Helse Bergen.

Ikkje til stades: Askvoll, Gulen, Kvam, Luster, Modalen, Stryn, Sunnfjord, Vaksdal, Årdal.

Innhald

1. Innleiing v/ Statsforvaltaren	1
Meteorologisk institutt (MET) v/ Geir Ottar Fagerlid.....	1
Statens Vegvesen v/ Henny-Kristin Asperanden Navarsete.....	1
Vestland fylkeskommune v/ Dina Johanne Lefdal	2
Orienteringssaker frå Statsforvaltaren.....	2
2. Orientering frå IMDi v/ Katrine Vidme	4
3. Orientering frå UDI v/ Njård Håkon Gulbrandsen.....	4
4. PST v/ Torgils Lutro.....	5
5. HV-09 v/ Magnar Mehammer	5
6. Eventuelt	5

1. Innleiing v/ Statsforvaltaren

Meteorologisk institutt sendte ut gult og oransje farevarsel for svært mykje snø i delar av Vestland (i hovudsak ytre og sørlege delar av gamle Hordaland). På grunn av det endra vi noko på den planlagde agendaen for kommunemøtet. Meteorologisk institutt, Statens vegvesen og fylkeskommunen deltok og orientere om korleis dei vurderer situasjonen m.o.t. den forventa snømengda dei neste dagane/til helga.

Meteorologisk institutt (MET) v/ Geir Ottar Fagerlid

Det er sendt ut oransje farevarsel for snø for ytre og sørlege delar av Hordaland. Snøvêret som held fram har gitt uvanlege vinterlege forhold i nokre delar av Vestland. Det meldast om snøbyger fram til fredag kveld. Det er natt til i morgon, og i morgon tidleg (fredag) at snøbygene vil vere tettast, med eit anslag på 20-40 cm snø i utvalde område.

Vinden vil auke utover kvelden fredag (19.01), med styrke opp mot stiv/sterk kuling. Det kan reknast med «høgfjellsvêr» i ytre del av Hordaland. Snø i kombinasjon med vind vil føre til at snøen vil fukke seg. Man kan ikkje rekne med at brøytemannskapane klarer å halde vegane snøfri til ein kvar tid. Frå laurdag til søndag (20.01-21.01) kveld vil nedbøren komme som snø først, før det går over til regn.

Statens Vegvesen v/ Henny-Kristin Asperanden Navarsete

Har gått ut med pressemelding kor dei ber folk om å la bilen stå. Alt tilgjengeleg mannskap er ute for å halde vegar opne, med eit spesielt fokus på å halde vassvegar opne. Mykje snø, kombinert med



vind, vil føre til redusert sikt og skape utfordringar på vegane. Om det kjem mykje snø vil ei utfordring vere å finne plass å gjere av snøen som ryddast vekk. Det er allereie utfordringar med å holde vegane snøfri.

[Vestland fylkeskommune v/ Dina Johanne Lefdal](#)

Fylkeskommunen er ute med alt tilgjengeleg mannskap for å halde vegane i best mogleg stand og opne, men med dei store snømengdene vil det bli utfordringar, noko som kan skape ytterlegare utfordringar for kollektivtransporten. Vegeigarane seier at ein periodevis ikkje kan rekne med at brøytemannskap klarar å oppretthalde vegstandard (det vil fokke seg og snø igjen bak brøytebilane etter kvart som dei køyrer).

Fylkeskommunen delar same bekymring som vegvesenet – at det er utfordrande å finne plassar å gjere av snøen som ryddast vekk. Det er òg vanskar med å rydde fortau, gangveg og parkeringsplassar. Fylkeskommunen er i dialog med Statsforvaltaren om å få midlertidig løyve til å dumpe snø i sjøen. Ein er òg bekymra for mildvêret som følgjer etter snøvêret, med tanke på fare for flaum/skred og/eller glatte vegar.

[Orienteringssaker frå Statsforvaltaren](#)

DSB si kommuneundersøking om samfunnstryggleik og beredskap 2024

DSB har bedt oss minne kommunane om å svare på undersøkinga. Svarfrist er 26. Januar kl. 24.00. Per 12. januar hadde 19 % av kommunane i Vestland svart på undersøkinga.

Ferjeberedskap

Fleire kommunar har bedt oss ta opp spørsmålet om beredskap utanom ordinær rutetid på ferjestrekningar.

Vi hadde i fjor vår ein prosess omkring dette, etter at Helse Bergen klaga på eit politisk vedtak i fylkeskommunen om dei ikkje ville finansiere medisinsk beredskap på ein del ferjestrekningar på fylkesvegnettet. Vi hadde møte om dette utan at det vart semje. Vi sendte difor saka til nasjonale styresmakter, og etter purring vart vi litt før jul lovd at Samferdsledepartementet snarleg skulle ta ei avgjerd i saka.

Evaluering etter uvêr og naturhendingar 15. - 17. desember 2023

Torsdag 14. desember sendte MET ut gult farevarsel for 24 timars nedbør for Vestland og nordlege deler av Rogaland. Fredag 15. desember blei farevarselet oppgradert til oransje nivå, med svært mykje regn for indre og midtre delar av Vestland. NVE sendte ut farevarsel på oransje nivå for jord- og sørpeskredfare for helga. Det var samtidig stor snøskredfare i snøskredregionane i Vestland (raudt farenivå). Fleire stader vart råka av uvêret i form av flaum, overvatn og skred. Fleire vegar vart stengde, lokalsamfunn var avskjerma og det vart vurdert evakuering av innbyggjarar.

Statsforvaltaren fekk i etterkant av vêrhendinga spørsmål om vi planlegg å gjere ei evaluering. Vi meiner at det er viktig at vi har eit system som fangar opp både det som fungerte godt og det som fungerte mindre godt og har difor bedt om innspel til ei evaluering.

Det har kome veldig viktige tilbakemeldingar frå kommunane og andre aktørar, og vi vil dele ein evalueringsrapport når vi er ferdig med å samanfatte tilbakemeldingane. Her er nokre av momenta som er spelt inn:

- Bra at Statsforvaltaren tok initiativ til å samle aktørane, men bør vurdere kva kommunar som er aktuelle/nødvendige å kalle inn.
- Møta er avgjerande for at kommunane skal ha ei felles situasjonsforståing basert på vurderingane til Meteorologisk institutt, NVE, infrastruktureigarane og naudetatane.



- Informasjonen i møta var relevant og kom til rett tid, men vart litt lange.
- Møtet fredag 15. desember var til stor nytte. Ønsker gjerne fleire slike møte, ikkje færre. Det er og avgjerande å oppretthalde tung rettleiing frå MET og NVE i møta.
- Ikkje alle kommunar var omfatta av problema, men møta var viktige og informative likevel. Kommunane fekk nødvendig oppdatering og hadde difor meir kunnskap om kva som skjedde, og kva som kunne skje framover.
- Det kunne kanskje vore endå betre å avtalt nytt møtetidspunkt og heller avlyst dersom det viste seg å ikkje vere behov?
- Veldig bra at alle beredskapsaktørar deltek og at det vart gitt såpass brei informasjon frå alle partar.
- Helseføretaka seier at det var bra at dei vart kopla på møta.
- Det har kome ønskje om referat/notat frå statusmøta, då det fort blir mykje informasjon.
- Problemet med SMS-innkalling. Varslinga på e-post vart oppdaga i siste liten.
- Det var få kommunar som tok kontakt med NVE på beredskapstelefonen; er det fordi kommunane handterte ting sjølv?
- Burde NVE har vist faresonekart for bratt terreng på fredag, med tanke på at kommunane skal bruke dei i vurderingar av eventuelle evakueringar?
- Helse Førde valde å flytte ambulansebåt frå ytre fjordstrøk inn til Balestrand. Dette bidrog positivt til transport, særleg for dei bygdene som vart isolert over lengre tid.
- SFVL bør sjå på saman med kommunane om korleis Rayvn kan nyttast som eit samvirkeverktøy for å effektivisere rapportering og gi felles situasjonsforståing.
- Informasjon på 175.no var til dels mangelfull og skapte ved fleire høve feil forståing av situasjonen. Det er heilt avgjerande å vite kva område som er avskorne og korleis.
- Vurderingar av skredfare krevjande, men heilt nødvendig for å gjere rett med omsyn til preventiv stenging av veg, eller evakuering av folk. Kommunen treng betre samarbeid med fagmiljøa i fylkeskommunen og staten for å dra nytte av både lokalkunnskap og fagkunnskap. Kommunikasjonen med Skyss må bli betre.

Orientering om tryggleikspolitisk situasjon og status ved atomkraftverk i Ukraina

Vurderinga til «Institute for The Study of War» (ISW) er framleis at russiske styrkar sannsynlegvis vil prøve å oppretthalde eller intensivere «lokale» offensive operasjonar i hele Aust-Ukraina, i eit forsøk på å gripe og behalde initiativet uavhengig av vintervêr og terrengforhold. Samstundes vurderer ISW at russiske styrkar ikkje vil vere i stand til å gjere betydelege gjennombrot.

Ein høgtstående ukrainsk etterretningstenestemann skal ha stadfesta at russiske styrkar kan generere styrkar tilsvarande dei månadlege personeltapa. Ein representant for den ukrainske etterretningstenesta sa at Russland rekrutterer rundt 30 000 personell per månad.

Ukrainske tenestemenn har kunngjort at ukrainske styrkar i helga øydela eit russisk A-50 langtrekkande radardeksjonsfly, og skada alvorleg eit kommandopostfly. Russarane på si side hevdar at A-50 flyet vart øydelagt av russisk luftvern.

Den same tenestemannen uttalte at russiske luftangrep den siste tida har vore retta mot ukrainsk forsvarsindustri, militære hovudkvarter og militære kontrollsystem og einingar i frontlinja

Det har vore ein del oppslag i internasjonale media, etter at det tyske magasinet BILD rapporterte om klassifiserte tyske dokument som skildrar eit hypotetisk scenario for å førebu ein mogleg framtidig konflikt mellom NATO og Russland. Ein talsperson for det tyske forsvarsdepartementet sa til BILD at «å vurdere ulike scenario, sjølv om dei er ekstremt usannsynlege, er ein del av den daglege militære



verksemda, spesielt trening». ISW seier at den tyske vurderinga av vegar til ein mogleg framtidig konflikt med Russland er ikkje er grunnlause, med tanke på russiske truslar mot NATO og utsiktene for vaklande vestleg støtte til Ukraina.

ISW skriv og at Putin har forsterka narrative om russiske statsborgarar vert dårleg behandla i dei baltiske landa, og gir inntrykk at desse landa (og NATO) er ein tryggleikstrussel mot Russland. ISW vurderer det som ein tydeleg påverknads-/infokampanje som kan rigge for framtidig aggresjon mot NATO-land.

Ein nordkoreansk delegasjon kom Moskva 14. januar, for eit offisielt statsbesøk. Ukrainsk etterretning seier at Nord-Korea leverte éin million rundar med artilleriammunisjon til Russland i september - november 2023. I tillegg førebur Russland og Iran seg på signere ein stor traktat for å vidareutvikle russisk-iransk militærteknologisk samarbeid.

Ukrainas president Volodymyr Zelensky deltek på World Economic Forum i Davos, for å drøfte aspekt ved den ukrainske fredsplanen og støtte til Ukraina, med globale leiarar. Han uttalte at Ukraina og Sveits har starta førebuingar til det globale fredstoppmøtet som kan haldast i Sveits. Han ønsker at Kina skal vere ein del av desse diskusjonane. For ukrainarane er det ein føresetnad for vidare diplomatisk arbeid for å oppnå fred, at russiske styrkar trekk seg tilbake frå landet.

ISW seier at Russland held fram med å demonstrere at landet ikkje er interessert i å forhandle med Ukraina, og at måla med krigen ligg fast; full ukrainsk og vestleg overgiving. Dei viser til eit møte Putin hadde med russiske kommunesjefar denne veka, der han m.a. gjentok påstandane om utbreiing av nazisme i Ukraina, og at «slike menneske ikkje må vinne».

2. Orientering frå IMDi v/ Katrine Vidme

I 2023 var det busett litt over 33 600 flyktningar nasjonalt. Av desse var 3836 busett i Vestland. Det er gjort ein enorm innsats av kommunane i busettingsarbeidet. Måltalet for 2024 er 37 000. Frist for kommunane å svare på busettingsoppmodinga er 25. februar.

Busettingstal leggst jamleg ut på IMDi sin nettstad. Minner om møte med arbeids- og inkluderingsministeren fredag 19.01. Temaet for møtet er arbeidsmarknadsintegring.

Dei fleste flyktningane som kjem til Noreg er frå Ukraina. I år er det busett 148 flyktningar og 506 er avtalt busett.

3. Orientering frå UDI v/ Njård Håkon Gulbrandsen

Det er ein nedgåande trend etter dei høge ankomstane i haust. For 2023 var det totalt ca. 40 000 asylsøknadar nasjonalt, der 35 000 av desse var søknader om kollektiv beskyttelse. Situasjonen i mottaka no er 15 000 bebuarar og 5 000 ledige plassar.

Det er fullt på mottak i Vestland fylke. Frå nyttår er det kome eit nytt mottak i drift på Radøytunet i Alver kommune, med 150 plassar. Mottaket på Magic Hotell i Bergen har siste driftsdato 22. mars 2024.

Det jobbast med fire pågåande anskaffingar som kan involvere Vestland. Anbudsprosessen starta med utlysing før jul. Tilbudsfristen er satt til 25. mars, med tildeling medio mai 2024, og forventa oppstart august 2024. Tilbydarane må informere vertskommune om at dei vil levere tilbod og UDI vil kontakte ordførar/kommunedirektør når dei får eit tilbod og ved tildeling.



Frå 01. januar 2024 har det blitt endringar i regelverket for fordrivne ukrainarar. Det har blant anna blitt innstramming på bruken av hotell og liknande som asylmottak. Sjå UDI sin nettstad for meir informasjon.

4. PST v/ Torgils Lutro

Det er framleis ein spent sikkerheitspolitisk situasjon. Mange flyktingar har kome til Noreg, noko som kan vere ei utfordring med tanke på flyktningspionasje. Påverkingsoperasjonar frå russisk side kan forventast. Justisministeren har vore i media og snakka om nye lovheimlar for påverkingsoperasjonar.

Det er ikkje meldt stor risiko for sabotasje i Noreg. Digital sabotasje er aktuelt og vil vere vanskeleg å avdekke fordi det skjer fordekt.

Norsk terrortrusselnivå er på moderat nivå i forhold til Sverige og Danmark, med bakgrunn i situasjonen i Gaza. Dei største utfordringane no er ordensproblem i samband med demonstrasjonar. Dei tek ressursar frå politiet.

Ny nasjonal trusselvurdering kjem 12. februar og publiserast på PST sine heimesider.

5. HV-09 v/ Magnar Mehammer

Heimevernsdistrikta orienterer frå deira fagfelt og litt om kva HV planlegg i 2024.

Distriktssjefen har fått ny beordring frå 01.08. Det vil komme ny distriktssjef og HV-09 vil syte for overlapping med avtroppande/påtroppande sjef. Ny sjef vil ta seg ein runde rundt i distriktet for å presentere seg sjølv. HV-09 vil periodevis ha noko personell på ulike oppdrag rundt omkring, mellom anna i utlandet for opptrening av ukrainske soldatar.

Øving og trening er prioritert. Det vil bli trening ulike plassar i Vestland veke 11, 16, 21, 36 og 39. Til hausten gjennomførast øving Bjørgvin, som er ein kommandoplassøving.

HV-11 fekk problem med lyd i møtet, og kjem difor tilbake med si orientering ved eit seinare høve/neste kommunemøte.

6. Eventuelt

Neste planlagde kommunemøte er 15. februar. Det er tidlegare sendt ut ein kalenderinvitasjon, og vi vil sende ut agenda i førekant av møtet.

Statsforvaltaren vurderer å kalle inn til eit møte med utvalde kommunar og aktørar seinare i dag for i diskutere oppfølging/konsekvensar for område med oransje farevarsel for svært mykje snø. Møtet vert truleg kl. 16.30.